

SAK 18/22 ÅRSBUDSJETT 2023 OG ØKONOMIPLAN 2023 - 2026

Saksopplysning:

Regionrådet skal hvert år utarbeide eit driftsbudsjett og ein økonomiplan for den kommande fireårsperioden. Årsbudsjett og økonomiplan skal vedtakast av Hallingtinget. Bakgrunn for økonomiplanen er årsbudsjett 2022, rekneskap for 2021 og aktivitet og prioriteringar som er gjort i strategisk plan eller gjennom andre saker som har vore oppe, eller som det er fatta vedtak om i dette driftsåret.

Ei slik sak er ei drøfting Regionrådet hadde i Sak 55/22. Der var semje om at rådet skal jobbe meir strategisk, og at det er behov for ein fast medarbeidar i tillegg til dagleg leiar. Bakgrunnen for dette behovet er at seniorrådgjevaren sluttar i januar og at ein prosjektleiar er ferdig med si kontrakt i desember og at det er ønskeleg at det regionale samarbeidet blir vidareført med eit like høgt ambisjonsnivå som det har vore til no.

I tillegg vil økonomimedarbeidaren i regionrådet gå av med pensjon i løpet av 2023 og det er derfor rom for å sjå på denne oppgåva med nye auge.

Med bakgrunn i drøftingane i sak 55/20 blir det lagt fram ulike budsjettmessige løysingar i denne saka.

Driftsbudsjettet for 2022:

Driftsbudsjett 2023 tek utgangspunkt i rekneskapet for 2021, budsjett for 2022 og dei erfaringar ein har med drift av regionrådskontoret. Totalt er det for 2023 lagt inn ein eigeninnsats på kr. 400.000, som vil bli refundert frå prosjekt. Tilskot frå kommunane, inkl finansiering av «Ungt Entreprenørskap» er budsjettert med kr. 2.550.000, som er ei auke på 2,8 % frå 2022.

Disposisjonsfond:

Hallingtinget vedtok i okt. 2021 at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir ståande på kr. 733 701,67 for 2022 og at ein går attende vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2023. Etter regnskapsavslutning i 2021 er storleiken på disposisjonsfonden auka til kr. 763 671,67. Dagleg leiar vil foreslå at dette blir ståande også i 2023.

Strategisk plan for Hallingdal

Strategisk plan for Hallingdal er den overordna planen for arbeidet til Regionrådet. Dette arbeidet har vore finansiert med kr. 800 000 frå kommunane, i tillegg til at me erfaringsmessig hentar ut i underkant av 1 mill frå andre aktørar ulike ulike prosjekt, som vert lagt inn i budsjettet. Beløpet frå kommunane har vore uforandra i mange år og beløpet fra andre bidragsytarar kan variere med aktivitet og tilgong på søkbare midlar.

Finansiering av ei ekstra stilling:

Det er tatt utgangspunkt i eit finansieringsbehov på kr. 800 000 for denne stillinga, og det er ulike måtar å gjera dette på.

1. Ein kan gå i dialog med Vidju A/S som ein regional utviklingsaktør, for å greie ut dette kan vera eit tiltak som dette firmaet, kan bidra til finansiering av. Dette er ei mogeleg løysing, men det er usikkert i desse tider med auka krav og nye reguleringar i energibransjen.
2. Ein kan auke bidraget til strategisk plan med t.d halvparten av behovet, dvs 400 000 og dekke reisten med prosjektmidlar.
3. Ein kan sjå stillina i samanheng med andre pågåande prosjekt, t.d bærekraftssenter, og vurdere om det er mogeleg å få til nokre synergjar der. Dette vil ikkje bli avgjort før tidlegast i desember.

Det er uansett det første driftsåret som er viktig å finne finansiering til, då ein frå 2024 ser verknaden, og økonomisk effekt av økonomimedarbeidaren som blir borte. Skal denne erstattast, eller kan me kjøpe denne tenesta fra t.d vertskommunen.

Dagleg leiar innstiller derfor på at potten til Strategisk plan blir auka med kr. 400 000 og at reisten av stillinga blir finansiert med prosjektmidlar.

Samandrag økonomiplan 2023 – 2026

TILTAK	2023	2024	2025	2026
Driftsbudsjett	3 070 000	3 160 000	3 260 000	3 360 000
Tiltak Strategisk plan (ordinær løyving)	800 000	800 000	800 000	800 000
Tiltak Strategisk plan (ei ekstra stilling)	400 000			
Tiltak Strategisk plan	900 000	900 000	900 000	900 000
SUM	5 170 000	4 860 000	4 960 000	5 060 000

Finansiering

TILTAK	2023	2024	2025	2026
Kommunane, driftsbudsjett	2 550 000	2 640 000	2 740 000	2 840 000
Eigeninnsats	400 000	400 000	400 000	400 000
Renter	120 000	120 000	120 000	120 000
Kommunane, disposisjonsfond	0	0	0	0
Kommunane, tiltak Strategisk plan	1 200 000	800 000	800 000	800 000
Fylkeskommunen, tiltak Strategisk plan	900 000	900 000	900 000	900 000
SUM	5 170 000	4 860 000	4 960 000	5 060 000

Forslag til vedtak

- Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2023, med ei kommunal finansiering på kr. 2.550.000
- Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2023, frå kommunane i Hallingdal.
- Til finansiering av ei ekstra stilling i Regionrådet, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 400.000 ekstra for 2023, frå kommunane i Hallingdal. Denne skal ein forsøke å finansiere på andre måtar frå 2024.
- Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir ståande på kr. 763 671,67 for 2023 og at ein går attende vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2024.
- Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 380.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
- Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 380.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
- Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2023 – 2026.

Hallingdal 18. okt 2022

Jan Olav Helling

Dagleg leiar

Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2023.

Vedlegg 2: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2023

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, DRIFTSBUDSJETT FOR 2023

KONTO	TEKST	BUDSJETT FOR 2023	BUDSJETT FOR 2022	REKNESKAP FOR 2021
10100	Løn	1 600 000	2 050 000	1 901 055
10900	Pensjon	265 000	246 000	263 854
10990	Arbeidsgjevaravgift	204 000	210 000	229 789
11900	Husleige	90 000	100 000	87 798
11301	Telefon	5 000	5 000	3 627
11300	Porto	1 000	1 000	1 012
11000	Kontorrekvisita, tidskrift, faglitt.	5 000	5 000	441
12000	Inventar og utstyr inkl.12002	10 000	10 000	11 949
11600	Reiseutgifter, adm. Inkl.11702, 11703	30 000	30 000	14 038
11151	Møteutgifter	10 000	10 000	8 867
11500	Kurs, konferansar inkl.11950	10 000	10 000	3 000
11402	Brevark, konvoluttar, logo, profilering	5 000	5 000	5 500
11951	Lisensavgifter inkl 11953	70 000	70 000	84 821
11209	Ymse utgifter administrasjon	10 000	10 000	5 336
13750	Rekneskapsføring/revisjon, konsulent	60 000	50 000	58 960
SUM ADMINISTRASJONSKOSTNADER		2 375 000	2 812 000	2 680 047

POLITISK DEL

10800	Godtgjersle leiar	48 000	48 000	46 500
10801	Møtegodtgjersle	30 000	30 000	25 349
10990	Arbeidsgjevaravgift	7 000	7 000	10 272
11151	Beverting	70 000	70 000	87 501
11600	Reiseutgifter inkl.11703 og 11900	60 000	40 000	100 011
11950	Kontingent Fjellregionsamarbeidet 889	57 000	57 000	57 000
11209	Ymse utgifter Regionrådet	17 000	20 000	7 988
12700	Konsulenttjenester og juridisk bistand	0	0	
14700	Tilskot "Dølaminne"	6 000	6 000	6 000
	Drift Hallingdal Ungdomsråd 876	120 000	120 000	120 000
	Ungt entreprenørskap 836	300 000	300 000	
SUM UTGIFTER REGIONRÅDET		695 000	698 000	460 621
TOTALE KOSTNADER		3 090 000	3 510 000	3 140 668

INNETEKTER

17500	Frå kommunane etter fordeling, drift	2 270 000	2 180 000	2 100 000
12700	Eigeninnsats prosjekt, refundert	400 000	400 000	417 700
12700	Lønnsutgifter KAG næringsfond		450 000	450 000
19000	Renter av bankinnskott	120 000	180 000	114 126
17500	Tilskot kommunane Ungt entreprenørskap	300 000	300 000	
19400	Avsetning til disposisjonsfond			58 842
19400	Bruk av disposisjonsfond	0	0	0
SUM INNETEKTER		3 090 000	3 510 000	3 140 668

Vedlegg 2:
REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, FORDELING AV KOSTNADER FOR 2023

FORDELING AV KOSTNAD TIL DRIFT: (30% FLATT, 70% FOLKETAL):	Kr 2 570 000
FORDELING AV KOSTNAD TIL STRATEGISK PLAN (FOLKETAL)	Kr 1 200 000
TOTALT:	Kr 3 770 000

KOSTNAD PR. KOMMUNE:

Kommune	Innb.	1.1-30.6	1.7-31.12	Drift	SPH	Disp.Fond	Total	Total
							2023	2022
Flå	1091	110 310	110 310	220 621	62 602	0	283 223	253 180
Nesbyen	3294	204 327	204 327	408 655	189 012	0	597 666	522 860
Gol	4735	265 825	265 825	531 649	271 697	0	803 346	696 209
Hemsedal	2609	175 094	175 094	350 188	149 706	0	499 893	438 586
Ål	4710	264 758	264 758	529 515	270 263	0	799 778	696 332
Hol	4474	254 686	254 686	509 372	256 721	0	766 093	672 833
SUM	20913	1 275 000	1 275 000	2 550 000	1 200 000	0	3 750 000	3 280 000